

**Fra:** Thomas Bjørkeland (Thomas.Bjorkeland@sjofartsmuseum.no)

**Sendt:** 24.05.2018 15:05:38

**Til:** Ambjørg Reinsnos

**Kopi:**

**Emne:** Vedr. Offentleg ettersyn. Områdereguleringsplan - Rong senterområde. Forholdet til marine kulturminne - krav om marinarkeologiske registreringar.

**Vedlegg:**

**Vedr. Offentleg ettersyn. Områdereguleringsplan - Rong senterområde. Forholdet til marine kulturminne - krav om marinarkeologiske registreringar.**

Me viser til e-post frå Øygarden kommune, motteke 14.03.2018. Me viser også til tidligare uttale i saka, 12.12.2012.

Saka har igjen vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Søknaden gjeld områdereguleringsplan for Rong senterområde, gbnr. 38/500 m.fl, Øygarden kommune. Museet kjenner ikkje til marine kulturminne som kan bli direkte råka av tiltak i planområdet. Tiltaksområdet ligg derimot i et prioritert område for marine kulturminne. Potensialet for verna eller automatisk freda kulturminne på sjøbotnen vurderar me derfor for å være til stede. Me varsla krav om marinarkeologiske registreringar når saka kom som oppstartsmelding, 12.12.2012.

Bergens Sjøfartsmuseum krev som vedkommande myndigheit etter føresegnene ved Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne, §§ 9 og 14, undersøkingar av om det kan være skipsfunn eller andre marine eller maritime kulturminne i tiltaksområdet når saka kjem på høyring. Etter Kulturminnelovens §§ 9 og 10 har tiltakshavar undersøkingsplikt, samt plikt til å dekke utgiftene til undersøkinga.

Me ber tiltakshavar om å ta direkte kontakt med Bergens Sjøfartsmuseum vedrøyrande gjennomføring av feltundersøkingane. Museet vil då først utarbeide eit budsjett for registreringane, som me må ha godkjent før feltarbeidet kan gjennomførast.

Med venleg helsing

for STIFTELSEN BERGENS SJØFARTSMUSEUM

Thomas Bjørkeland

Marinarkeolog

Direkte telefon: 55549611

E-postadresse: [marinarkeologi@bsj.uib.no](mailto:marinarkeologi@bsj.uib.no)